



## **Fellestenester - Politisk sekretariat**

Vår ref: 2015/3247-29

Dato: 29.09.2016

Til: «MOTTAKERNAVN»

Frå: Bente Høyland

### **Nye Kvinnheradspakken - kommunedelplan for samferdsle**

Kommunestyret hadde saka føre i møte 22.9.2016 som sak 2016/43.  
Vedlagt følger utskrift av møteboka der vi syner til vedtaket.

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2015/3247-24

**Saksbehandlar**

Kjell Odd Nygård

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2016/72	Formannskapet	08.09.2016
2016/43	Kommunestyret	22.09.2016

## Prioritering av prosjekt i Kvinnheradpakken.

### Innstilling frå arbeidsgruppa for Kvinnheradpakken:

1. Kommunestyret sluttar seg til vedlagte prioriteringsliste for veg- og trafikksikringsarbeidet i kommunen. Tilrettelegging for mjuke trafikkantar må tillegkast stor vekt i dei aktuelle prosjekta. Listene er delt opp etter kven som skal finansiere prosjekta.
2. Prioriteringsliste over prosjekt finansiert av kommunen og fylket vert grunnlag for drøftingar med fylkeskommunen siste halvår 2016. Når dei tre øvste prioriterte prosjekta er starta kjem øvrige prioriteringar attende for drøfting i arbeidsgruppa og ny handsaming i kommunestyret.
3. Kommunestyret ber Statens Vegvesen utarbeide bompengesøknad for innkrevjing av bompengar på ferjesambanda Skånevik-Matre-Utåker, Ranavik-Skjersholmane, Fjelbergsambandet og utvida bompengenneinnkrevjing på Årsnes-Varaldsøy-Gjermundshamn. Prosjekt som skal finansierast av bompengar på dei ulike sambanda går fram av vedlegg. Kommunestyret ynskjer snarleg handsaming av bompengesøknaden i Stortinget. Inntil bompengesøknaden er godkjent av Stortinget ber kommunestyret om at ordførar og rådmann i samarbeid med fylkeskommunen får vurdert ulike modellar for forskotering, slik at ein kan få oppstart på dei aktuelle prosjekta så raskt som mogeleg.
4. Kommunestyret ber rådmannen syte for naudsynt framdrift og oppstart på vedtekne strakstiltak (Opsangervegen, Lundssvingane og Hellandskrysset) seinast våren 2017. Kommunestyret ber rådmannen prioritere arbeidet med kollektivknutepunkt i Rosendal med sikte på realisering i løpet av 2017.
5. Kommunestyret ber rådmannen utan opphald starta arbeidet med reguleringsplan for kote 70 Løfallstrand og reguleringsplan for nytt ferjestø på Skjelnesodden.
6. Kvinnherad kommune tek initiativ til å etablere pådrivarselskap for Fjelbergsambandet, og inviterer Hordaland fylkeskommune og Fjelberg bygdelag til å delta i selskapet. Varaordførar og rådmann representerer kommunen i selskapet.
7. Kommunestyret ber rådmannen innarbeide delfinansiering av trafikksikring Herøysund i budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020.

8. Vegkontoret vert oppmoda om å planlegge trafikksikring i Herøysund i tråd med pkt. 7 i kommunestyret sitt vedtak den 28.04.16.
9. Kommunestyret ber Stortinget i samband med handsaming av ny Nasjonal Transportplan (NTP) syta for KVU for arm til Bergen frå E134, herunder «Sunnhordlandsdiagonalen» og «Hordalandsdiagonalen». Kvinnherad kommune vil vurdere kommunal deltaking i realisering av «Sunnhordlandsdiagonalen» dersom Stortinget vedtek denne traseen for eventuell ny veg Bergen-E134.

### **Prioriteringsliste for veg- og trafikksikringsprosjekt i kommunen.**

#### **Prosjekt finansiert av stat/fylke:**

Pr.	Prosjekt	Kostnad	Merknad
1	Fureberg bru	52,0 mill. kr	Skredsikringsprosjekt
2	Furebergtunnelen	350,0 mill. kr	EU-krav om utbetring før 2025
3	Nytt ferjestø Stord	210,0 mill. kr	Innkorting Kvinnherad-Stord

Når ovannemnde prosjekt er finansiert og starta opp vert følgjande prosjekt på ny fremja for arbeidsgruppa og kommunestyret i nummerert rekkefølge:

	Fjelbergsambandet	200,0 mill. kr	Realisering i eige prosjekt
	Nytt ferjestø Varaldsøy	100,0 mill. kr	Godkjent kommunedelplan
	Kote 70 Løfallstrand	200,0 mill. kr	Godkjent kommunedelplan
	Oppgr. Fv.49 Gjermundshamn-Tysnes	100,0 mill. kr	Innkorting Bergen–Haukeli
	Nytt ferjestø Halsnøy	200,0 mill. kr	Innkorting Kvinnherad-Stord
	Bruer på fylkesvegnettet	500,0 mill. kr	Utbetring og trafikksikring
	Folgefonntunnelen	400,0 mill. kr	EU-krav om utbetring før 2025
	Sunnhordlandsdiagonalen		Føreset NTP-handsaming

#### **Prosjekt finansiert av kommunen/fylket:**

Pr.	Prosjekt	Kostnad	Merknad
1	Trafikksikring Herøysund	30,0 mill. kr	Trafikksikring i tråd med tidl. Vedtak
2	Mindre trafikksikringstiltak	1,0 mill. kr	Må fremjast i eiga sak
3	Kaldestadvegen trinn 1	15,0 mill. kr	Sikring/utbetring Grønstøl-Røsstrand

Når ovannemnde prosjekt er finansiert og starta opp vert følgjande prosjekt på ny fremja for arbeidsgruppa og kommunestyret i unummerert rekkefølga:

	Omvikdalen	30,0 mill. kr	Forlenging gang- og sykkelveg
	Uskedalen-Herøysund	30,0 mill. kr	Trafikksikring og vegutbetring
	Opsanger-Sunde trinn 1	15,0 mill. kr	Trafikksikring og vegutbetring
	Teigen-Reset	30,0 mill. kr	Trafikksikring og vegutbetring
	Halsnøy kloster-Ranavik	30,0 mill. kr	Trafikksikring og vegutbetring
	Opsanger-Sunde trinn 2	15,0 mill. kr	Trafikksikring og vegutbetring
	Punktutbetring Høylandsbygdvegen	30,0 mill. kr	Trafikksikring og vegutbetring
	Kaldestadvegen trinn 2	15,0 mill. kr	Sikring/utbetring Grønstøl-Sunde

#### **Prosjekt finansiert av kommunen:**

Pr.	Prosjekt	Kostnad	Merknad
1	Asfaltering kommunale vegar	2,0 mill. kr	Årleg løyving
2	Trafikksikring kommunale vegar	1,0 mill. kr	Årleg løyving
3	Bygging kommunale vegar og kaier	2,0 mill. kr	Årleg løyving

**Prosjekt finansiert med løyving frå kommune/fylke og bompengar på ferjesambandet  
Årnes-Gjermundshamn 2020-2035:**

Pr.	Prosjekt	Kostnad	Merknad
1	Krokaparsellen	35,0 mill. kr	Vegutbetring og trafikksikring
2	Fureberg-Ænes	15,0 mill. kr	Vegutbetring og trafikksikring
3	Ænes-Lyngstrand	15,0 mill. kr	Vegutbetring og trafikksikring

Når ovannemnde prosjekt er finansiert og starta opp vert følgjande prosjekt fremja for ny drøfting i arbeidsgruppa og kommunestyret:

4	Hatlestrand	30,0 mill. kr	Trafikksikring
5	Løfallstrand-Neslia	30,0 mill. kr	Vegutbetring og trafikksikring

**Prosjekt finansiert med løyving frå kommune/fylke og bompengar på ferjesambandet  
Utåker-Skånevik 2018-2035:**

Pr.	Prosjekt	Kostnad	Merknad
1	Sandvoll sentrum	32,5 mill. kr	Trafikksikring og ny bru over elva
2	Erslandsmarka 15,0 mill. kr	15,0 mill. kr	Vegutbetring og trafikksikring

Kommunestyret ber rådmannen utgreia om forlenga bompengeneinnkrevjing på sambandet etter at ovannemnde prosjekt er realiserte, kan nyttast til punktutbetring i Åkra og Matre.

**Prosjekt finansiert med løyving frå kommune/fylke og bompengar på ferjesambandet  
Stord-Halsnøy 2023-2035:**

Pr.	Prosjekt	Kostnad	Merknad
1	Sæbøvik-Eidsvik	50,0 mill. kr	Trafikksikring og vegutbetring
2	Sæbøvik-Tofte	50,0 mill. kr	Trafikksikring og vegutbetring
3	Opsanger-Porsvik	30,0 mill. kr	Trafikksikring og vegutbetring

**Prosjekt finansiert av bompengar på ferjesambandet Sydnes-Utbjoa 2023-2035 eller inntil  
sambandet vert erstatta av nytt Fjelbergsamband:**

Pr.	Prosjekt	Kostnad	Merknad
1	Landa-Sydnes	2,5 mill. kr	Punktutbetring

**Behandling i Formannskapet den 08.09.2016**

Innstillinga frå arbeidsgruppa for Kvinnheradspakken vart samrøystes.

**Innstilling frå Formannskapet den 08.09.2016**

1. Kommunestyret sluttar seg til vedlagte prioriteringsliste for veg- og trafikksikringsarbeidet i kommunen. Tilrettelegging for mjuke trafikkantar må tillegkast stor vekt i dei aktuelle prosjekta. Listene er delt opp etter kven som skal finansiere prosjekta.
2. Prioriteringsliste over prosjekt finansiert av kommunen og fylket vert grunnlag for drøftingar med fylkeskommunen siste halvår 2016. Når dei tre øvste prioriterte prosjekta er starta kjem øvrige prioriteringar attende for drøfting i arbeidsgruppa og ny handsaming i kommunestyret.
3. Kommunestyret ber Statens Vegvesen utarbeide bompengesøknad for innkrevjing av bompengar på ferjesambanda Skånevik-Matre-Utåker, Ranavik-Skjersholmane,

Fjelbergsambandet og utvida bompengerekkjeving på Årsnes-Varaldsøy-Gjermundshamn. Prosjekt som skal finansierast av bompengar på dei ulike sambanda går fram av vedlegg. Kommunestyret ynskjer snarleg handsaming av bompengesøknaden i Stortinget. Inntil bompengesøknaden er godkjent av Stortinget ber kommunestyret om at ordførar og rådmann i samarbeid med fylkeskommunen får vurdert ulike modellar for forskotering, slik at ein kan få oppstart på dei aktuelle prosjekta så raskt som mogeleg.

4. Kommunestyret ber rådmannen syte for naudsynt framdrift og oppstart på vedtekne strakstiltak (Opsangervegen, Lundssvingane og Hellandskrysset) seinast våren 2017. Kommunestyret ber rådmannen prioritere arbeidet med kollektivknutepunkt i Rosendal med sikte på realisering i løpet av 2017.
5. Kommunestyret ber rådmannen utan opphald starta arbeidet med reguleringsplan for kote 70 Løfallstrand og reguleringsplan for nytt ferjestø på Skjelnesodden.
6. Kvinnherad kommune tek initiativ til å etablere pådrivarselskap for Fjelbergsambandet, og inviterer Hordaland fylkeskommune og Fjelberg bygdelag til å delta i selskapet. Varaordførar og rådmann representerer kommunen i selskapet.
7. Kommunestyret ber rådmannen innarbeide delfinansiering av trafikksikring Herøysund i budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020.
8. Vegkontoret vert oppmoda om å planlegge trafikksikring i Herøysund i tråd med pkt. 7 i kommunestyret sitt vedtak den 28.04.16.
9. Kommunestyret ber Stortinget i samband med handsaming av ny Nasjonal Transportplan (NTP) syta for KVU for arm til Bergen frå E134, herunder «Sunnhordlandsdiagonalen» og «Hordalandsdiagonalen». Kvinnherad kommune vil vurdere kommunal deltaking i realisering av «Sunnhordlandsdiagonalen» dersom Stortinget vedtek denne traseen for eventuell ny veg Bergen-E134.

### **Behandling i Kommunestyret den 22.09.2016**

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ ARBEIDSGRUPPA FOR  
KVINNHERADSPAKKEN(H,AP,SP,V,KRF,MDG,SF,FRP):

Endring/nytt pkt.:

1. a.) Kommunestyret sluttar seg til vedlagte prioriteringsliste for veg- og trafikksikringsarbeidet i kommunen.  
Tilrettelegging for mjuke trafikantar må tilleggas stor vekt i dei aktuelle prosjekta. Listene er delt opp etter kven som skal finansiera prosjekta.  
b.) Kommunedelplan Trafikksikring 2012-2020 skal vera førande for prioritering av trafikksikringsprosjekt.
2. Prioriteringsliste over prosjekt finansiert av kommunen og fylket vert grunnlag for drøftingar med fylkeskommunen siste halvår 2016. Dei øvrige uprioriterte prosjekt vert sendt attende for drøfting i arbeidsgruppa og for handsaming i kommunestyret.

**Røysting:** Nytt framsett forslag til punkt 1 og 2, i tillegg til dei andre punkta i innstillinga frå formannskapet, vart samrøystes vedtekne.

Oversendingsforslag frå Knut Johannes Helvik(H) til arbeidsgruppa: (utan kvotering)

Under prosjekt finansiert av stat/fylke:

Kvinnherad har mange bruer som er i dårleg stand og er smale.

Under uprioriterte prosjekt/bruer på fylkesvegnettet må Husa-bru på Ølve FV49 prioriterast øvst.

Dette er ein stor flaskehals for ei av dei største arbeidsplassane i Kvinnherad.

### **Vedtak frå Kommunestyret den 22.09.2016**

1. *a.) Kommunestyret sluttar seg til vedlagte prioriteringsliste for veg- og trafikksikringsarbeidet i kommunen.  
Tilrettelegging for mjuke trafikantar må tilleggas stor vekt i dei aktuelle prosjekta. Listene er delt opp etter kven som skal finansiera prosjekta.  
b.) Kommunedelplan Trafikksikring 2012-2020 skal vera førande for prioritering av trafikksikringsprosjekt.*
2. *Prioriteringsliste over prosjekt finansiert av kommunen og fylket vert grunnlag for drøftingar med fylkeskommunen siste halvår 2016. Dei øvrige uprioriterte prosjekt vert sendt attende for drøfting i arbeidsgruppa og for handsaming i kommunestyret.*
3. *Kommunestyret ber Statens Vegvesen utarbeide bompengesøknad for innkrevjing av bompengar på ferjesambanda Skånevik-Matre-Utåker, Ranavik-Skjersholmane, Fjelbergsambandet og utvida bompengainnkrevjing på Årsnes-Varaldsøy-Gjermundshamn. Prosjekt som skal finansierast av bompengar på dei ulike sambanda går fram av vedlegg. Kommunestyret ynskjer snarleg handsaming av bompengesøknaden i Stortinget. Inntil bompengesøknaden er godkjent av Stortinget ber kommunestyret om at ordførar og rådmann i samarbeid med fylkeskommunen får vurdert ulike modellar for forskotering, slik at ein kan få oppstart på dei aktuelle prosjekta så raskt som mogeleg.*
4. *Kommunestyret ber rådmannen syte for naudsynt framdrift og oppstart på vedtekne strakstiltak (Opsangervegen, Lundssvingane og Hellandskrysset) seinast våren 2017. Kommunestyret ber rådmannen prioritere arbeidet med kollektivknutepunkt i Rosendal med sikte på realisering i løpet av 2017.*
5. *Kommunestyret ber rådmannen utan opphald starta arbeidet med reguleringsplan for kote 70 Løfallstrand og reguleringsplan for nytt ferjestø på Skjelnesodden.*
6. *Kvinnherad kommune tek initiativ til å etablere pådrivarselskap for Fjelbergsambandet, og inviterer Hordaland fylkeskommune og Fjelberg bygdelag til å delta i selskapet. Varaordførar og rådmann representerer kommunen i selskapet.*
7. *Kommunestyret ber rådmannen innarbeide delfinansiering av trafikksikring Herøysund i budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020.*
8. *Vegkontoret vert oppmoda om å planlegge trafikksikring i Herøysund i tråd med pkt. 7 i kommunestyret sitt vedtak den 28.04.16.*
9. *Kommunestyret ber Stortinget i samband med handsaming av ny Nasjonal Transportplan (NTP) syta for KVVU for arm til Bergen frå E134, herunder «Sunnhordlandsdiagonalen» og «Hordalandsdiagonalen». Kvinnherad kommune vil vurdere kommunal deltaking i realisering av «Sunnhordlandsdiagonalen» dersom Stortinget vedtek denne traseen for eventuell ny veg Bergen-E134.*

### **Saksutgreiing:**

På møte i kommunestyret den 28.04.2016 vart mellom anna følgjande vedteke:

1. *Formannskapet ber arbeidsgruppa for Kvinnheradpakken arbeide vidare med prioriteringar og investeringar og leggja saka fram i kommunestyret sitt møte i juni d.å.*

2. *Budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 blir justert i tråd med forslag til finansiering av strakstiltaka i Kvinnheradpakken.*
3. *Prosjekt under «strakstiltak» skal startast opp snarast råd.*
4. *Rådmannen får i oppdrag å starte arbeid med framlegg til bompengesøknader. Alle alternativ skal utgreiast.*
5. *Arbeid med trafikkisikring i Herøysund skal ha høgast prioritet i eigen prosess.*
6. *Arbeidsgruppa til Kvinnheradpakken får i oppgåve å vurdere etablering av pådrivarselskap i høve til vidare arbeid med Fjelbergsambandet. Selskapet skal arbeida med kartlegging, organisering og realisera arbeidet med Fjelbergsambandet, i tett samarbeid med kvinnherad kommune, Hordaland fylkeskommune og andre interesserte partar. Det skal til ei kvar tid vere representantar i eit eventuelt selskap frå politisk og administrativ leiing i Kvinnherad kommune. Kvinnherad kommune inviterer Hordaland fylkeskommune og Fjelberg Bygdalag til å delta i selskapet.*
7. *Gang- og sykkelveggar bør byggjast som fortau med rekkverk, eksempel sentrum Uskedalen-Korsneset. Ei slik utbygging vert sikrare, billigare og krev mindre areal og vedlikehald.*

**Økonomisk konsekvens:**

Går fram av innstillinga frå arbeidsgruppa.

**Miljømessig konsekvens:**

Går fram av gokjent trafikkisikringsplan og Kvinnheradpakken 2016.

**Vedlegg:**

- Trafikkisikringsplanen
- Kvinnheradpakken 2016
- Drøftingsnotat til arbeidsgruppa på møte den 18.08.2016.
- Diverse mottekne merknader.

Kvinnheradpakken 2016. Rapport til handsaming i kommunestyret.

Til Arbeidsgruppa Kvinnheradpakken

Brev til ordførar-gruppeleiarar

Trafikkisikringsplan

12